

Skule skule	Klasse 7	Elevnummer p612	Kjønn jente ☒ gut ☐	Det fyrste språket du lærte Norsk ☒ Anna ☐
----------------	-------------	--------------------	---	--

Grunnlova

I denne teksten skal eg skriva om kva Grunnlova betyr for meg og kva den gjer med kvardagen min.

I år er det heile 200 år sidan Christian Magnus Falsen og 111 andre menn satt seg ned på Eidsvoll og skreiv Grunnlova som inneheld bestemmelsar om statsforma, om menneskerettar, om den lovgivande makt, den utøvande makt og den dømande makt.

Eg syntes Grunnlova vår er ein viktig del av landet vår. Grunnlova har mykje å sei for kvardagen min. Om Grunnlova ikkje hadde vært laga hadde eg ikkje fått gå på skule gratis og om eg hadde blitt sjuk hadde eg ikkje fått gratis helsehjelp.

Eg syntes me er heldige så får lov til å seie meiningane våre. Eg syntes og me er heldige som har rett til utdanning, demokrati, helsehjelp, frihet, ytringsfrihet, rettshjelp og verneplikt. Alle har rett til å gå kor dei vil og at det skal vera lik verdi på alle menneske. Eg tenkjer at me er kjempeheldige som får lov å sei kva me meiner på skulen og andre plassar. Om me ikkje hadde hatt Grunnlova kunne vaksne bestemt alt. Derfor er me kjempeheldige som har Grunnlova. Eg er glad for at me har Grunnlova!

